

## **Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 10.05.2019**

### **YMSE**

#### **Ny rektor for Fagskolen i Hordaland**

Torbjørn Mjelstad, nytilsett rektor i Fagskolen i Hordaland, tok del i styremøtet og presenterte seg for det nye styret. Første styremøtet hans blir 12. sept.

#### **Diverse orienteringar v/spesialrådgjevar Adeline Landro:.**

##### **Felles klagenemnd for fagskular.**

Fagskolen i Hordaland har felles klagenemnd med dykkarutdanninga på Høgskulen og med Kunstsken i Bergen. Det er HFK v/oppl.avd. som administrerer klagenemnda. Jfr. fagskulelova er det fagskulane som er ansvarleg for å opprette ei klagenemnd som skal handsame enkeltvedtak fatta av skulen. Enkeltvedtak som fører til disiplinære sanksjonar skal etter lova handsamast i styret eller i den lokale klagenemnda etter delegasjon frå styret.

Fagskulen i S & F ønskjer å vere ein del av Fagskolen i Hordaland si klagenemnd. For at dette skal koma raskt på plass for skulen er det ønskjeleg at oppl.avd. utarbeider ein avtale med Fagskulen i S & F no. Eventuelle endringar dette får for samansetning eller mandat vert å koma tilbake til i eiga sak.

##### **Regionreforma – administrativ prosess vedk. fagskulane.**

Ingen saker vedk. fagskulane i dei to fylka skal til Fellesnemnda, og nytt styre for begge fagskulane må vere på plass innan 1. jan. 2020 (skal vedtakast av fylkestinga i des. 2019). Dagens styre må såleis fungere fram til desember 2019. Spørsmål om det skal vera ein eller to fagskular skal også vedtakast av fylkestinga i des. 2019.

**Vedk. Landskonferanse i Loen 8.-9. mai** - orientering om tema på konferansen. Adeline Landro vart attvald til styret for RFF (Råd for offentlege fagskular)

##### **Samarbeidsavtale med Høgskulen på Vestlandet.**

Utkast til ein overordna, strategisk samarbeidsavtale med Høgskulen på Vestlandet er under arbeid og snart ferdigstillt.

##### **Organisering kursverksemd.**

Styreleiar ber om sak vedk. organisering av kursverksemd til neste styremøte.

##### **Vedk. bransjeprogram i industri og byggenæringa.**

Rektor Torbjørn Tvedt orienterte om nyleg tilsagn frå Kompetanse Norge på om lag kr 6,4 mill kroner til pilotprosjekt som er del av eit nasjonalt bransjeprogram. Gjennom bransjeprogrammet skal ein utvikla tilbod i mindre modular etter kva behov arbeidslivet har. Fagskulen skal utvikle 9 modular på 10 studiepoeng kvar, og det vert også vurdert om dei 9 modulane også skal kunne inngå i ei gradsgjevande utdanning på 90 studiepoeng. Det vil sei at ein kan gjennomføra modulane enkeltvis eller gjennomføra alle og få ein fagskulegrad.